

# Barne- og ungdomslitteratur i Norge 2000 Statistikkar



**h**ovudstatistikken over bokutgiving for barn og unge er utarbeidd av biblioteket ved Norsk barnebokinstitutt. Biblioteket har også sett opp ei oversikt over årleg bibliotekutlån per barn, og ei oversikt som viser utgivingar omfatta av innkjøpsordningane for ny norsk skjønnlitteratur og faglitteratur for barn og unge.

Årbokas barnebokstatistikk dekkjer 2000. Då redaksjonen avslutta arbeidet, var materialet for 2001 ikkje fullstendig nok til å utgjere grunnlag for ein årsstatistikk. Statistikken for 1990, 1998 og 1999 gir perspektiv på tala frå 2000.

Utgivingsstatistikken viser talet på bøker for barn og ungdom på norsk og samisk utgitt i Norge eller av utanlandske forlag på norsk. Statistikken kan omfatte nye utgåver av tidlegare utgivingar, men ikkje reine opptrykk. Fagbøker for barn inkluderer ikkje skolebøker.

NBIs statistikk inkluderer òg utgivingar som ikkje er tilgjengelege via bokhandlar, til dømes bokklubbutgivingar (m.a. Go'boken, Tuppen og Lillemor og Penny-klubben) og utgivingar frå dei religiøse forlaga som ikkje blir distribuerte gjennom det ordinære bokhandlarnettet.\* Dermed skil NBIs statistikk over barne- og ungdomsbokutgivinga i Norge seg frå Den norske Forleggerforenings *Bransjestatistikken*, som berre omfattar utgivingar frå medlemsforlaga. Oversikta i *Norsk bokfortegnelse* grupperer berre

---

\* Disse bokklubbane og enkelte av dei religiøse forlaga har ein stor del omsetjingar blant utgivingane sine. Av den grunn vil NBIs statistikk kunne vise høgare tal for omsetjingar, spesielt frå engelske språkområde, enn andre statistikkar for barnebokutgiving i Noreg.

skjønnlitterære utgivingar under barne- og ungdomsbøker, medan ein finn faglitteratur for barn og unge i oversikta over faglitteratur for vaksne. *Norsk bokfortegnelse* inkluderer reine opptrykk i årsoversiktene sine.


Materialet for NBIs statistikk er i første rekkje NBIs eiga boksamling, som er lagd inn i NBIs database, dernest utskrift frå *Nasjonalbibliografien*, og ymse forlagskatalogar i dei tilfella der NBI kjenner til utgivingane, men ikkje hadde dei innlemma i samlinga per 1.12.01.

NBIs database er førebels ikkje tilgjengeleg på vår heimeside, men derimot er store deler av basen tilgjengeleg gjennom *Norsk samkatalog*, Nasjonalbiblioteket i Oslo ([www.nb.no/baser/sambok/](http://www.nb.no/baser/sambok/)).

### Barne- og ungdomslitteratur fordelt etter sjanger 1990, 1998, 1999 og 2000

SJANGER/ÅR	1990	1998	1999	2000
Antologiar	6	11	15	18
Biletbøker	185	201	160	193
Dramatikk	1	3	3	1
Eventyr	11	17	4	12
Fagbøker	102	176	113	182
Lyrikk	3	9	11	9
Romanar	311	320	296	304
Songbøker	2	6	8	0
Sp. brukargr.*	3	0	0	0
Totalt	624	743	610	719

Samisk litteratur 6 2 9 14  
\* Bøker for spesielle brukargrupper: «følebøker», bøker med blindeskrift og teiknspråk



### Faglitteratur for barn og unge fordelt etter emne

	1990	1998	1999	2000
Generelle skrifter	1	4	3	1
Filosofi	2	3	4	2
Religion	21	61	27	47
Samfunnskunnskap, -orientering	7	5	5	7
Språk	1	8	0	1
Naturvitenskap, Økologi	33	23	15	35
Praktisk vitenskap, Oppfinninger	13	19	11	13
Kunst (inkl. hobbybøker)	17	33	28	44
Litteratur	0	0	0	2
Geografi og historie	7	20	20	30
<b>Totalt</b>	<b>102</b>	<b>176</b>	<b>113</b>	<b>182</b>

Tala på utgivingar for 2000 er langt høgare enn tala for 1999, men framleis lågare enn tala for 1998. Nedgangen i 1999 og oppsvinget i 2000 gjeld først og fremst den omsette barnelitteraturen, og da spesielt biletbøker og fagbøker omsette frå engelsk. Talet på norske utgivingar har gjennom fleire år halde seg forholdsvis stabilt rundt 250, og for 2000 har vi registrert 269 utgivingar.

I oversikta over norsk og omsett litteratur i 2000 har vi valt å dele litteraturen inn i nye og tidlegare utgitte tekstar. Nye opplag er ikkje med i statistikken, så «tidlegare utgitte tekstar» vil seie nye utgåver av tekstar som har vore utgitt før. Denne inndeling gir ei oversikt over kva slags type tekstar som kjem i fleire utgåver: først og fremst romanar og eventyr, men òg nokre omsette biletbøker. Fagbøker kjem sjeldan i nye utgåver.

### Samla bokutlån til barn i folke- og skolebibliotek – tal på bøker per barn

Land	1990	1998	1999	2000
Noreg	16,9	14,8	14,8	14,9
Sverige	21,1	20,6	20,6	21,1
Danmark	68,9	52,4	50,7	62,3

#### Kjelder:

Norge: Årsmelding og årbok frå Statens bibliotektilsyn

Sverige: Svenska barnboksintitutet

Danmark: Center for Børnelitteratur

### Innkjøpsordningane for ny norsk skjønnlitteratur og faglitteratur for barn og unge

Norsk kulturfond blei oppretta i 1965 for å finansiere ny norsk skjønnlitteratur gjennom ei eiga innkjøpsordning. For barne- og ungdomslitteratur inneber ordninga at Norsk kulturråd kvart år kjøper inn bøker i 1550 eksemplar. Desse går til folke- og skolebiblioteka, og dei kjem i tillegg til dei bøkene som biblioteka sjølve vel å kjøpe inn.

Faglitteratur var opphavleg ikkje med i innkjøpsordninga, men etter eit treårig prøveprosjekt (1996–1998) blei ordninga gjort permanent også for norsk faglitteratur for barn.

Skjønnlitteratur	1990	1998	1999	2000
Tal på utgivingar*	194	211	205	164
Påmelde	119	149	155	136
Innkjøpte	97	134	134	119

Faglitteratur	1990	1998	1999	2000
Tal på utgivingar*	21	38	45	71
Påmelde		22	26	35
Innkjøpte		17	12	13

Kjelde for innkjøpsordninga: Norsk kulturråd

\* Dette er tal frå Norsk barnebokinstitutt statistikk, som inkluderer nye utgåver (men ikkje nye opplag) av tidlegare utgitte bøker. For 2000 er tidlegare utgitte tekstar ikkje inkludert.

### Norsk og omsett litteratur 1999

SJANGER	NORSK		OMSETT		TOTALT
	Nytt	Tidl. utgitt	Nytt	Tidl. utgitt	
Antologiar	8	5	2	3	18
Biletbøker	44	2	137	10	193
Dramatikk	1	0	0	0	1
Eventyr	1	1	0	10	12
Fagbøker	71	1	108	2	182
Lyrikk	5	2	1	1	9
Romanar	105	23	148	28	304
Songbøker	0	0	0	0	0
Sp. brukargr.	0	0	0	0	0
<b>Totalt</b>	<b>235</b>	<b>34</b>	<b>396</b>	<b>54</b>	<b>719</b>

For statistikk 1990, sjå *Årboka Litteratur for barn og unge 1998*  
 For statistikk 1996, 1997 og 1998, sjå *Årboka Litteratur for barn og unge 1998, 1999, 2000 og 2001*

### Omsetjingar fordelt på originalspråk 1999

	Dansk	Engelsk	Finsk	Fransk	Nederlandsk	Samisk	Svensk	Tsjekisk	Tysk	Fleispråkleg
Antologiar										6
Biletbøker	3	83		2	3		17	1	7	
Dramatikk										
Eventyr				1					1	2
Fagbøker	4	56					8			
Lyrikk		2				1				
Romanar	5	127	1		2		20		4	
Songbøker							1			4
Sp. brukargr.										
<b>Totalt</b>	<b>12</b>	<b>268</b>	<b>1</b>	<b>3</b>	<b>5</b>	<b>1</b>	<b>46</b>	<b>1</b>	<b>12</b>	<b>12</b>

### Omsetjingar fordelt på originalspråk 2000

	Arabisk	Dansk	Engelsk	Fransk	Gresk	Italiensk	Nederlandsk	Spansk	Svensk	Tysk	Fleispråkleg
Antologiar			1								3
Biletbøker		10	112	1		1	6		14	3	
Dramatikk											
Eventyr	2		3	1						1	3
Fagbøker		13	80	1			7		8	1	
Lyrikk		1							1		
Romanar		8	137		1		1	1	22	6	
Songbøker											
Sp. brukargr.											
<b>Totalt</b>	<b>2</b>	<b>32</b>	<b>333</b>	<b>3</b>	<b>1</b>	<b>1</b>	<b>14</b>	<b>1</b>	<b>46</b>	<b>11</b>	<b>6</b>

For statistikk 1990, sjå *Årboka Litteratur for barn og unge 1998*  
 For statistikk 1996, 1997 og 1998, sjå *Årboka Litteratur for barn og unge 1998, 1999, 2000 og 2001*